



Sekretariat for kontrollutval

Dato: 11.02.2019

Vår ref.: 2018/13836-8

Saksbehandlar: ELIMOLV

Dykkar ref.:

## Economusee Fjordtynna - Vurdering av HFK sine forpliktingar og ansvar i saka.

Me viser til møte den 7.11.2018 vedrørende Economusee Fjordtønna i Samnanger kommune, mellom Sekretariat for kontrollutval og Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. I møtet deltok kontrollsjef Hogne Haktorson og seniorrådgjevar Roald Breistein ved Sekretariat for kontrollutval og fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd og seksjonsleiar Ronny Skaar ved Kultur- og idrettsavdelinga. I møtet vart det avtalt at Kultur- og idrettsavdelinga skulle koma attende med ei skriftleg bestilling ved behov for vidare utgreiing og oppfylging av saka.

Me vurderer det som nødvendig å gje saka ei grundig vurdering, ikkje minst av omsyn til dei involverte partane. Vidare er det viktig at det vert teke lærdom av slike prosjekt og at ein evt kan endre uheldig forvaltningspraksis. På bakgrunn av dette kjem denne bestillinga, der me ser behov for ei nærmare avklaring kring følgjande:

- Kva ansvar og forpliktingar har Hordaland fylkeskommune i høve si handsaming av Economusee Fjordtønna ovanfor eigar av Fjordtynna og evt Samnanger kommune?
- I tillegg ser me også behov for ei evaluering av fylkeskommunen si forvaltingspraksis i denne bestemte saka.

Me står til rådvelde ved behov for ytterlegare dokumentasjon.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.